

93. ¹ Tone: Englane forkynde fred

1. Kjære syster kjære bror
Kjær i Gud vor frelsar
Kjære far aa kjære mor
Gledleg jol eg helsar
Gjedna vil eg melda um
Holegledja i ein sum
Frelsens evangelium
Frelse for kvar syndar

2. No til jol ein stellar til
Klæ aa mat aa drikka
Hyggjeleg ein ha det vil
Alt so vel ein flikka
Slik ein ande slik ei sut
Alle ting aa smykka ut
Nye sakur klæ aa klut
Kopp aa kar aa brikka.

3. Merkjeleg aa ja me sjaa
Ting ein kunne meina
Vist aa sikkert skriv seg fraa
Ingjen er aaleina
Røynslor aag ibladt me ha
Skjulta magte stutt vil dra
Men Guds ande ovenfra
Vil os heilt regjera.

4. Gledja fred aa trøysteord
Hjarta lengtar etter
Aa Guds naaderikdom stor
Serleg sjeli metter.
Hujen etter himmelbraud
Etter løysning fraa all naud
I fraa alt so gjer ein daud
Aa sløv paa himmelvegen

5. Heilag ande rein aa klaar
Fraa Gud faders hjarta
Lækje savn aa hjartesaar
Syndenaud aa smerta
Jesu heilag dyra blo
Løysing heil aa sand aa god
Skapa kand ei levand tro
I kvar syndars hjarta

6. Dykk so no er sytti aar
Gamle mann aa kvinna
Daudebod no snart du faar
Korleis er du sinna
Trur du paa din frelsar kjær
Lengtar du aa koma der
Kor dei salig Guds born er
Heima i Guds rikje

7. Du so no er ung aa kaat
Um i verdi færast
Drykk aa dans aa felelaat
Er no da deg kjærast
Kor stend til me deg aa Gud
vyrda du hans ord aa bud
Eingong lyt du anda ut
Burt fraa verdi fara.

8. Ditta er dei rare ting
So me skulle minnast
Som skull samla os i ring
aa i hjarta finnast
Daa naar slike tankar gryr
Daa dei vonde magter skyr
Ingji jolegledja fyr
Nokon veg kan vinnast

9. Ung aa gamal ein aa kvar
Elsk aa lyd vorherra
Kjære ungdom mor aa far
Elsk aa hald i æra
Vegen her er sleip aa glatt
Ofta steil aaa faarleg bratt
Han aa ho dei skrei aa datt
Gud kan os bevара